

Til redaksjonen



Pressemelding

30.08.2024

Oversikt over politiske møte i september

Det er møte i fylkesutvalet og tre av hovudutvala i september.

Saklister og program til dei politiske møta i Vestland fylkeskommune blir lagt ut om lag ei veke før møta skal vere.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 5. og 6. september

[Program og sakliste for møtet i hovudutval for kultur, idrett og inkludering.](#)

Hovudutvalet skal på ei rekke synfaringar og besøk til ulike aktørar i Fjaler og Askvoll 5. september. Saksbehandlinga blir på Askvoll fjordhotell 6. september frå kl. 9.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet 11. september

[Program og sakliste for møtet i hovudutval for samferdsel og mobilitet.](#)

Møtet er digitalt og blir sendt i nett-tv.

Hovudutval for opplæring og kompetanse 11. september

[Program og sakliste for møtet i hovudutval for opplæring og kompetanse.](#)

Møtet er på Vestlandshuset i Bergen og blir sendt i nett-tv.

Fylkesutvalet 19. september

[Program og sakliste for møtet i fylkesutvalet.](#)

Møtet er på Vestlandshuset og blir sendt i nett-tv.

Andre møte

Det er også møte i kontrollutvalet, yrkesopplæringsnemnda, administrasjonsutvalet, Vestlandsrådet, klagenemnda, fylkeseldrerådet, valnemnda og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i september.

[Oversikt over alle politiske møte i Vestland fylkeskommune i den politiske møtekalenderen.](#)

Politiske møte i nett-tv

Fylkestinget, fylkesutvalet og enkelte andre møte i Vestland fylkeskommune blir sende i nett-tv. [Sjå politiske møte direkte og i opptak på denne sida](#). Møta blir teksta innan 24 timar etter møteslutt.